

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Ungdommens fylkesutval</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalssalen 3. etg, Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	17.09.2014
<b>Tid:</b>	16:0 – 20:00

### Dagsorden:

Kl 16:00-16:15	Mat og sakshandsaming
Kl 16:15-16:45	Orientering frå opplæringsavdelinga
Kl 16:45-20:00	Sakshandsaming

Dersom nokon av utvalet sine medlemar eller varamedlemar ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast råd ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall) eller sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

Innkallinga gjeld valde medlemar og varamedlemar i Ungdommens fylkesutval. Ved eventuelt forfall frå faste medlemar vil varamedlemar bli kalla inn særskilt.

Referat frå førre møte finn dykk på Politiske sakar (e-innsyn).

Ungdommens fylkesutval i Hordaland

**Agnes H. Bernes**  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 68/14	Godkjenning av innkalling		
PS 69/14	Godkjenning av sakliste		
PS 70/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 71/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 46/14	Oversikt økonomi - per 090914	2014/560	
RS 47/14	Ungdommens planprogram - framdrift per 090914	2014/560	
RS 48/14	Oversikt ungdomsråd - oppdatert per 090914	2014/560	
RS 49/14	Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr. august	2014/1527	
RS 50/14	Utale til regional plan for attraktive senter - Ungdommens fylkesutval	2014/560	
RS 51/14	Invitasjon til Skulestartkonferansen i regi av opplæringsavdelinga	2014/560	
RS 52/14	Førespurnad om å halde innlegg på Ungdommens fylkesting Hordaland 7. eller 13. februar 2015	2014/560	
PS 72/14	Transportordninga for funksjonshemma - endring av retningslinjer	2014/13048	
PS 73/14	Nettverkssamling 2014 - 25.-26. oktober	2014/560	
PS 74/14	Gjennomgang av vedtektene til Ungdommens fylkesting	2014/560	
PS 75/14	Barne- og ungdomskonferansen 2014 - deltaking	2014/560	
PS 76/14	Flytting av møtet 271014	2014/560	
PS 77/14	Budsjett 2015 for Ungdommens fylkesting - ønskjer	2014/560	
PS 78/14	Ymse		

PS 68/14 Godkjenning av innkalling

PS 69/14 Godkjenning av sakliste

PS 70/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

PS 71/14 Referatsaker (Meldingar)

## DRIFT FOR SEPTEMBER 2014

Revidert budsjett  
R3/(1000 kr.)

Ansv.sted: 100330 Ungdommens Fylkesting Leder:

Konto	REGNSKAP MÅNEDEN	BUDSJETT MÅNEDEN	AVVIK	REGNSKAP HITTIL	BUDSJETT HITTIL	AVVIK	BUDSJETT 2014
<b>Kostnader:</b>							
11000 Budsjettfordeling		19	19		172	172	230
11010 Kontor- og datarekvisita				4		-4	
11150 Beverting/ Matvarer	1		-1	89		-89	
11231 Møteutgifter				67		-67	
11311 Bank-/postgebyr							
11401 Gåver				4		-4	
11500 Kurs / kompetanseheving				4		-4	
11600 Bilgodtgjersle, oppgaveplikt	1		-1	8		-8	
11610 Kostgodtgjersle, oppgaveplikt				1		-1	
11700 Reiseutgifter, ikkje oppgave				16		-16	
14290 MVA utanfor mva-loven				7		-7	
15008 Renter ved forseinka betalin							
<b>SUM Kostnader:</b>	<b>2</b>	<b>19</b>	<b>17</b>	<b>199</b>	<b>172</b>	<b>-27</b>	<b>230</b>
<b>Inntekter:</b>							
16231 Inntekt kursverksemd, kommun				-82		82	
17290 Kompensert mva.				-7		7	
<b>SUM Inntekter:</b>				<b>-89</b>		<b>89</b>	
<b>NTO DRIFT</b>	<b>2</b>	<b>19</b>	<b>17</b>	<b>111</b>	<b>172</b>	<b>62</b>	<b>230</b>
<b>NETTO Ungdommens Fylkesting</b>	<b>2</b>	<b>19</b>	<b>17</b>	<b>111</b>	<b>172</b>	<b>62</b>	<b>230</b>

## DRIFT FOR SEPTEMBER 2014

Revidert budsjett  
R3/(1000 kr.)

Kostn.st.: 10033001 Utvalsmøtar

Leder:

Konto	REGNSKAP MÅNEDEN	BUDSJETT MÅNEDEN	AVVIK	REGNSKAP HITTIL	BUDSJETT HITTIL	AVVIK	BUDSJETT 2014
<b>Kostnader:</b>							
11150 <u>Beverting/ Matvarer</u>	1		-1	11		-11	
11231 <u>Møteutgifter</u>							
11311 <u>Bank-/postgebyr</u>							
11600 <u>Bilgodtgjersle, oppgaveplikt</u>	1		-1	2		-2	
11610 <u>Kostgodtgjersle, oppgaveplik</u>							
11700 <u>Reiseutgifter, ikkje oppgave</u>				3		-3	
14290 <u>MVA utanfor mva-loven</u>							
15008 <u>Renter ved forseinka betalin</u>							
<b>SUM Kostnader:</b>	<b>2</b>		<b>-2</b>	<b>17</b>		<b>-17</b>	

**Inntekter:**

17290 <u>Kompensert mva.</u>							
<b>NTO DRIFT</b>	<b>2</b>		<b>-2</b>	<b>17</b>		<b>-17</b>	
<b>NETTO Utvalsmøtar</b>	<b>2</b>		<b>-2</b>	<b>17</b>		<b>-17</b>	

## DRIFT FOR SEPTEMBER 2014

Revidert budsjett  
R3/(1000 kr.)

**Kostn.st.: 10033002 Eigen organisasjon Leder:**

Konto	REGNSKAP MÅNEDEN	BUDSJETT MÅNEDEN	AVVIK	REGNSKAP HITTIL	BUDSJETT HITTIL	AVVIK	BUDSJETT 2014
<b>Kostnader:</b>							
11150 <u>Beverting/ Matvarer</u>							
14290 <u>MVA utanfor mva-loven</u>							
<b>SUM Kostnader:</b>							

**Inntekter:**

17290 <u>Kompensert mva.</u>							
<b>NETTO DRIFT</b>							
<b>NETTO Eigen organisasjon</b>							

## DRIFT FOR SEPTEMBER 2014

Revidert budsjett  
R3/(1000 kr.)

**Kostn.st.: 10033003 Kurs og konferansar Leder:**

Konto	REGNSKAP MÅNEDEN	BUDSJETT MÅNEDEN	AVVIK	REGNSKAP HITTIL	BUDSJETT HITTIL	AVVIK	BUDSJETT 2014
<b>Kostnader:</b>							
11150 <u>Beverting/ Matvarer</u>							
11500 <u>Kurs / kompetanseheving</u>				4		-4	
11600 <u>Bilgodtgjersle, oppgaveplikt</u>							
11610 <u>Kostgodtgjersle, oppgaveplikt</u>				1		-1	
11700 <u>Reiseutgifter, ikke oppgave</u>				9		-9	
14290 <u>MVA utanfor mva-loven</u>				1		-1	
<b>SUM Kostnader:</b>				<b>15</b>		<b>-15</b>	

**Inntekter:**

17290 <u>Kompensert mva.</u>				-1		1	
<b>NTO DRIFT</b>				<b>14</b>		<b>-14</b>	
<b>NETTO Kurs og konferansar</b>				<b>14</b>		<b>-14</b>	





## SUMRAPPORTEN BESTÅR AV FØLGENDE HOVEDDATA

	<u>Kostn.st.:</u>	<u>KOSTNADSAVVIK</u>	<u>INNETEKSAVVIK</u>	<u>NETTOAVVIK</u>
10033004	Nettverkssamling	0	0	0
		0	0	0

## DRIFT FOR SEPTEMBER 2014

Revidert budsjett  
R3/(1000 kr.)

**Kostn.st.: 10033005 Ungdommens fylkesting Leder:**

Konto	REGNSKAP MÅNEDEN	BUDSJETT MÅNEDEN	AVVIK	REGNSKAP HITTIL	BUDSJETT HITTIL	AVVIK	BUDSJETT 2014
<b>Kostnader:</b>							
11150 <u>Beverting/ Matvarer</u>				76		-76	
11231 <u>Møteutgifter</u>				62		-62	
11600 <u>Bilgodtgjersle, oppgaveplikt</u>				1		-1	
11700 <u>Reiseutgifter, ikkje oppgave</u>				3		-3	
14290 <u>MVA utanfor mva-loven</u>				5		-5	
<b>SUM Kostnader:</b>				<b>147</b>		<b>-147</b>	

**Inntekter:**

17290 <u>Kompensert mva.</u>				-5		5	
<b>NTO DRIFT</b>				<b>142</b>		<b>-142</b>	
<b>NETTO Ungdommens fylkesting</b>				<b>142</b>		<b>-142</b>	

Område	Mål	Tiltak	Ferdig	Pågåande	Ikkje byrja	Kommentar	Frist	
Opplæring og helse	Studierettleiingstenesta og rådgivingstenesta i fylket bør betrast gjennom mellom anna innfør-ing av samkjørt studierettleiingsteneste, anonym rådgivarevaluering, og/eller ein rådgivings-teneste der alle elevar vert kalla inn til rådgiving for vidare studieval.	UFU skal be om ei orientering frå Opplæringsavdelinga angående dette punktet.	x		x			
		UFU bør fremja eit forslag til Opplæringsavdelinga om at talet rådgivarar, samt deira stillingsprosent og tilgjengelegheit, skal reflektere talet elevar ved skulen dei er rådgivar på. Uavhengig av elevtalet bør skulane ha ein rådgivar med minimum 50% stilling. UFU skal og fremja eit forslag om dette i budsjettet for 2014.				x		
	Tilbakemelding frå elevar i skulen er sær- viktig. Tiltak som anonyme undervisningsevalueringar og/eller klagerett på vurdering av førstetermin bør vidareførast og innførast på skular der dette ikkje allereie fins. I tillegg meiner bør det innførast klagerett ved munnleg eksamen. Og UFT går imot offentleggjering av karakterar i den vidaregåande skulen.	UFU skal be Opplæringsavdelinga om ein orientering om anonyme undervisningsevalueringar, klagerett på karakterar ved første termin, klagerett på munnleg eksamen og offentleggjering av karakterar.	x				Dialogdagen	
		UFU skal ved trong ta kontakt med politikarar for å ta sakene vidare i Opplæring- og helseutvalet.	x					

	UFU skal arbeide for at alle elevar i vidaregåande opplæring anonymt skal evaluere undervisningseigenskapane til alle sine faglærarar kvar termin.					Svar; for omfattende at alle elevar skal evaluerer alle lærare	
<b>Det skal ikkje leggjast opp til utgifter for den enkelte elev i opplæringa som går utover det eit grunnstipendstipend dekkjer, verken ved skulemateriell eller gjennom kopi- og utskriftsavgift.</b>	UFU skal be om ei orientering på dette området frå Opplæringsavdelinga.	x					
	UFU bør ta saka vidare til politikarane dersom det er aktuelt.						
	UFU skal jobbe for at elever ved utdanningstilbodet TAF skal ha garanti på sin skule-pc heile skulegongen.	x					
<b>Dersom det skal gjerast endringar i utdanningstilbodet må det gjerast på eit pedagogisk grunn-lag, eller det må reflektere søkjartala ved det aktuelle studieprogrammet/studiestaden.</b>	UFU skal be om ei orientering frå Opplæringsavdelinga angående justering av undervisningstilbodet for skuleåret 2014-2015, samt skrive ein uttale til saka når den skal opp i Opplæring- og helseutvalet.					Orientering til hausten	
	UFU skal be om ein orientering frå Opplæringsavdelinga angående skulebruksplanen og vil presentere si vurdering på neste UFT.						Orientering til hausten
<b>Fråfallet i den vidaregåande skulen skal vere mindre enn 15 prosent.</b>	UFU skal be om ei orientering frå Opplæringsavdelinga om kva tiltak som vert gjort på dette området, samt kome med innspel om kva som kan gjerast for å oppnå målet.	x					

	UFU skal arbeide for å opprette eit elev- og lærlingombod. UFU kan søkje å samarbeide med Elevorganisasjonen for å formulere eit forslag til korleis det kan gjerast og å spele det inn som eit forslag til budsjettet.				Møte med Rasmus Rasmussen i AP	
	UFU bør jobbe for å sikre at elevane som går på skular som baserer seg på nettbaserte bøker og læringsplattformer får tilbod om lærebøker i alle fag.				IKT - Opplæring?	
<b>Fråværsreglementet skal praktiserast likt for alle elevar ved vidaregåande skular i Hordaland. Lovlig grunn for fråvær skal vere rimeleg i samband med elevane sin kvardag.</b>	UFU skal be om ei orientering frå Opplæringsavdelinga angående fråværsreglementet og handteringa av denne.	x			Skal be om å legge ut fråværsreglement som eige dokument på heimesida	
	UFU skal be Opplæringsavdelinga om å formulere ein meir brukarvenleg versjon av fråværsreglementet som kan brukast i det daglige av elevar og lærarar.	x			Oppl.avd. har laga nytt reglement, UFU uttale	
	UFU skal jobbe for at alle elevar og lærarar ved dei vidaregåande skulane i fylket skal vere opplyst om, og følgje, gjeldande fråværsreglement vedtatt av fylket, samt at praktiseringa av reglementet skal vere lik for alle.					

		UFU kan jobbe for at elever som besøker helsepersonell i skuletida skal få fraværet stryke ved framvising av dokumentasjon på visitt.					
	<b>Tannhelsetenesta skal vere god og rimeleg for ungdom i fylket.</b>	UFU skal be om ei orientering frå Tannhelseavdelinga angående pris for ungdom og elevar ved vidaregåande skular i Hordaland, samt om eventuelle planer om å endre prisnivået.	x				Dialogdagen
	<b>All ungdom skal ha enkel tilgang til praktisk informasjon frå skulen.</b>	UFU skal gå i dialog med It's Learning, og påverke så mykje som mogeleg for at dei skal opprette ein app.	x				Dialogdagen
Kultur og ressurs	<b>Folkehelse er eit viktig aspekt for unge, og UFT ynskjer å bidra til at folkehelsearbeidet i fylket får innspel frå ungdom sine perspektiv.</b>	UFU skal be om ei orientering frå Regionalavdelinga angående folkehelseplanen.					
		UFU skal føreslå førebyggjande tiltak mot rusmisbruk blant unge i fylket til folkehelse-planen.					Til hausten
		UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle skular skal tilby eit sunt mat- og drikketilbod.					Til hausten
		UFU skal føreslå innføring av skulefrukt i vidaregåande skule til folkehelseplanen.					Til hausten
		UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle vidaregåande skular i fylket blir pålagt å utarbeide ein plan mot mobbing, i samarbeid med skulen sine elevar.					Det er snakk om eit prøveprosjekt med mobbeombod , følgje opp utviklinga.

	UFU skal jobbe for at HFK skal opprette eit idrettskort som skal gi ungdom i Hordaland billigare tilbod på aktivitetar og rabattar på for eksempel offentlege symjehallar og store idrettsarrangement.					Skal kontakte KURE angående budsjettet	
<b>Kulturtilbodet til ungdom skal halde fram og forbetrast.</b>	UFU skal be om å få ein orientering frå Kulturavdelinga angående kulturtilbod for ungdom i Hordaland.	x					
	UFU skal bidra til at kulturkortet og tilboda det gir skal halde fram og utvidast gjennom samarbeid med Kulturavdelinga.					Innspel til regional kulturplan	
	UFU skal jobbe for at det blir fleire kulturtilbod i skulen.					Innspel til regional kulturplan	
	UFU kan samarbeide med fylkeskommunen om å styrke, modernisere og gjere museum meir attraktive for ungdom					Innspel til regional kulturplan	
	UFU skal jobbe for at offentlege bygg skal bli lettare tilgjengelig for utlån, særleg fleire opne idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikkmiljøet, ved å foreslå ein auka post i budsjettet for dette.					Innspel til regional kulturplan og senterstruktur planen	
<b>Ungdommens fylkesutval skal vere ein aktiv pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk i Hordaland fylkeskommune.</b>	UFU skal be om ein orientering frå Regionalavdelinga angående Klimaplanen.						
	UFU skal kome med uttale til Klimaplanen når den rullerast kvart år.	x					

		UFU skal be om å få ein plass i Klimarådet i Hordaland.	x				
Samferdsel	<b>Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjere kollektivtransport meir attraktiv for ungdom.</b>	UFT meiner at prisen på ungdomskort ikkje bør overskride 45% av pris for periodeskyss for vaksne per månad.					
		UFU skal jobbe for at det skal vere studentrabatt på all kollektivtransport i fylket, samt at den skal gjelde uavhengig av kor mange sonar ein kryssar.	x				
		UFU skal jobbe for at barnepris på kollektivtransport i fylket skal gjelde til fylte 18 år.					
		UFU bør ta sikte på å korte ned grensa for SkuleSkyss.					
		UFU skal jobbe for at ungdomskortet gjelder både lokaltog og regionaltog innanfor fylket.					
	<b>Kollektivtilbodet i Hordaland bør utbetrast. Bussavgangane bør verte betre tilpassa skuletidene.</b>	UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angående korleis avgangar er tilpassa skuletidene.	x				Dialogdagen
		UFU kan samarbeide med ungdomsråd og fylkeskommunen om utbetring av kollektivtransportavgangar i fylket, med særskilt fokus på avgangar i distrikta, tilpassa skuletider og korrespondanse mellom avgangar, både innanfor same transporttype og på tvers.					
		UFU bør snakka med skyss om endring av busstider mellom Bergen og Voss med tanke på dagens situasjon der buss og tog går samstundes.					Sende brev NSB



		UFU skal jobbe for at nattbuss tilbudet i fylket skal både opprettast og oppretthaldas, særskilt i distrikta.					
	<b>Utvidinga av ordninga Trygt Heim skal halde fram, og UFT ynskjer at den skal gjelde i heile fylket og til utvida klokkeslett.</b>	UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angående Trygt Heim og planar rundt dette.	x				Dialogdagen
		UFU kan fremje forslag til endringar dersom det er aktuelt.					
	<b>Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å betre trafikksikringa for ungdom.</b>	UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angående trafikksikring for ungdom.					
		UFU skal halde seg orientert om sakar i Fylkestrafikksikringsutval i Hordaland og fremje sakar ved trong.					
Eigen organisasjon	<b>Ungdommens fylkesutval skal vere organisert etter ein modell som fremjar effektivt arbeid både innanfor UFU og mot HFK.</b>	UFU skal fremje eit nært samarbeid med dei ulike avdelingane og utvala i Hordaland fylkeskommune.		x			
		UFU skal sjå til at det er ein kontaktperson i utvalet til dei tre politiske utvala i HFK; Kultur- og ressurs, Opplæring- og helse og Samferdsel.	x				Dialogdagen
		UFU skal førebu seg til alle møta og halde seg oppdatert om kva som er aktuelt for ungdom.		x			
		UFU skal sjå til at alle føler seg velkommen til utvalet og at alle har ein moglegheit til å fremje si mening.		x			

<p><b>Kvar kommune i Hordaland skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre, som skal ha medverknad på saker som vedgår ungdom og deira lokalmiljø.</b></p>	<p>UFU skal hjelpe med oppretting og oppfølging av ungdomsråd i dei kommunane som ikkje har dette.</p>		x		<p>Modalen, Meland og Osterøy; spørre om dei ønskjer besøk frå UFU på møter</p>	
	<p>UFU skal fremje eit sterkt samarbeid mellom UR/UKS og UFU gjennom god kontakt og dialog mellom UR/UKS og deira fadder i UFU.</p>		x		<p>Be om innkalling og saksliste frå ungdomsråda</p>	
	<p>UFU kan utarbeide og formidle ein brosjyre til hjelp i arbeidet i eit ungdomsråd/ungdommens kommunestyre.</p>					
<p><b>Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkes-kommunalt og nasjonalt nivå. Gjennom desse organa skal ungdom ha reell innflytelse. Dei tre nivåa skal med utgangspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarandre. Medverknadsorganana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjene skal utarbeidast i samarbeid med ungdom.</b></p>	<p>UFU skal arbeide aktivt, og helst saman med andre fylkeskommunale medverknadsorgan, for å fremje saka.</p>		x		<p>Førespurnad frå Oslo; UFU har sendt svar.</p>	
	<p>UFU vil vere ein bidragsytar for å vere med å utarbeide retningslinjer for medverknadsorganana.</p>		x		<p>Med Oslo</p>	

<b>Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere meir synleg blant ungdom og innanfor Hordaland fylkeskommune.</b>	UFU skal utarbeide ein betre heimeside med meir informasjon.		x			
	UFU skal leggje ut minimum ein sak kvar veke.					Gard leggst til, alle legger ut
	UFU skal utarbeide ein informasjonspakke for UFT som kan distribuerast på skular, arrangement, på fylkeshuset, kulturmønstringa, osv.		x			
	UFU skal ha minst fire sakar i media i løpet av 2014.		x			3 sakar
	UFU skal presentere seg for politiske utval og avdelingar i HFK.		x			Dialogdagen
	UFU skal presentere seg og sakane til UFT på eit fylkesting og eit fylkesutval i løpet av 2014.		x			Fylkesutvalet

Ungdomsråd i Hordaland  
Oppdatert 12.06.2014

Kommune	Leder	Telefon	E-post	Kommentar	Antall
Askøy	Erlend Risvand Mo	45667543	<a href="mailto:96erlend96@gmail.com">96erlend96@gmail.com</a>	Good shit!	15 (ungd.skule - 2, vgs - 3)
Austevoll	Alexander Drønen	45230787	<a href="mailto:alexanderdr199660@gmail.com">alexanderdr199660@gmail.com</a>	Good shit!	11 (ungd.skule - 5, vgs - 6)
Austrheim	Henrik Nielsen	90253986	<a href="mailto:henrikgrabben@hotmail.com">henrikgrabben@hotmail.com</a>	Good shit!	
Bergen	Narve Nilssen	41363143	<a href="mailto:narvenilssen@live.no">narvenilssen@live.no</a>	Good shit!	96 ()
Bømlo	Ikkje vald enda			Good shit!	24 m/vara ()
Eidfjord	Vetle Nordstrand		<a href="mailto:vetle_nordstrand@msn.com">vetle_nordstrand@msn.com</a>		
Etne					
Fedje	Thomas Samnøy	962 30 925	<a href="mailto:tsamnoy@online.no">tsamnoy@online.no</a>		
Fitjar	Solveig Lambach Fitjar		<a href="mailto:solveig-katt@hotmail.com">solveig-katt@hotmail.com</a>	Solveig går av til somaren	
Fjell	Rebekka Lunde-Hansen	452 08 924	<a href="mailto:rebekka-lunde@hotmail.com">rebekka-lunde@hotmail.com</a>		
Fusa	Vegar Berget	45216161	<a href="mailto:vegarberget@gmail.com">vegarberget@gmail.com</a>	Good shit!	13 ()
Granvin	Alksander Kalsaas	41616975	<a href="mailto:aleksander_kalsaas@hotmail.com">aleksander_kalsaas@hotmail.com</a>	Siri: Permisjon, men aktiv	
Jondal	Otto har trukket seg				
Kvam	Magnus Torvik	91341421	<a href="mailto:magnustorvik@gmail.com">magnustorvik@gmail.com</a>		
Kvinnherad	Tonje Olsen Haga	48009384	<a href="mailto:toonjeee_oh@hotmail.com">toonjeee_oh@hotmail.com</a>	Veronica: Mammaperm	
Lindås					
Masfjorden					
Meland					
Modalen					
Odda	Synne Lauritsen Førsund		<a href="mailto:synne_1997@hotmail.com">synne_1997@hotmail.com</a>		
Os					
Osterøy					
Radøy	Thomas Frotjold Valdersnes	97891425	<a href="mailto:thomasvald@me.com">thomasvald@me.com</a>	Good shit!	13 (ungd.skule - 9, vgs - 4)
Samnanger	Ramona Skjerve Henriksen	41393383			
Stord	Arja Myhre	99153424	<a href="mailto:arja.myhre@hotmail.com">arja.myhre@hotmail.com</a>	Good shit!	14 (ungd.skule x3 - 4, vgs - 5)
Sund	Kaja Sandanger	95001046	<a href="mailto:kajasandanger@gmail.com">kajasandanger@gmail.com</a>	Good shit!	8 (ungd.skule - 3, vgs - 5)
Sveio	Anja Maria Andersen Apeland	41555691	<a href="mailto:anjaapeland@hotmail.com">anjaapeland@hotmail.com</a>	Good shit!	

<b>Tysnes</b>	Mathias Helland	47456629	<a href="mailto:davardetjul@hotmail.com">davardetjul@hotmail.com</a>		
<b>Ullensvang</b>	Gunvor Aarvik		<a href="mailto:gaarvik@hotmail.com">gaarvik@hotmail.com</a>		
<b>Ulvik</b>	Nils Michauk	41488359	michauckn@yahoo.no		
<b>Vaksdal</b>	Lars Helle Fauske	46895839	jr_lars_97@hotmail.com		
<b>Voss</b>					
<b>Øygarden</b>					
<b>Hardanger</b>	Otto Galtung	90075005	<a href="mailto:otto.galte@hotmail.com">otto.galte@hotmail.com</a>		

Kommune	Sekretær	Telefon	E-post	Kommentar	Fadder	Kontakt/svar
Askøy	Sigrun Haarklau	91178430	<a href="mailto:Sigrun.haarklau@askoy.kommune.no">Sigrun.haarklau@askoy.kommune.no</a>	Ungd. Kommunestyre	Emma	x/x
Austevoll	Renate Møgster Klepsvik		<a href="mailto:renate.klepsvik@austevoll.kommune.no">renate.klepsvik@austevoll.kommune.no</a>	Ungd. Kommunestyre	Stine	x/x
Austrheim	Anita Soltveit	47480209	<a href="mailto:anita.soltveit@austrheim.kommune.no">anita.soltveit@austrheim.kommune.no</a>	Ungdomsråd	Emma	x/x
Bergen	Lisa Engervik	41500772	<a href="mailto:lisa.engervik@bergen.kommune.no">lisa.engervik@bergen.kommune.no</a>	Ungdommens Bystyre	Gard	x/x
Bømlo	Elisabeth Holme Knutsen	53 42 30 68	<a href="mailto:elisabeth.knutsen@bomlo.kommune.no">elisabeth.knutsen@bomlo.kommune.no</a>	Ungdomsråd	Hedda	x/x
Eidfjord	Bergljot Maria Veivåg	53673537	<a href="mailto:bmv@eidfjord.kommune.no">bmv@eidfjord.kommune.no</a>	Ungdomsråd	Endre	
Etne	Nils Halleland		<a href="mailto:Nils.Halleland@etne.kommune.no">Nils.Halleland@etne.kommune.no</a>	Usikker	Cecilie	x/o
Fedje	Even Vaular	56165157	<a href="mailto:Even.Vaular@fedje.kommune.no">Even.Vaular@fedje.kommune.no</a>	Ungdomsråd	Vegard	x/o
Fitjar	Kristin Skare	95750151	<a href="mailto:kristin.skare@fitjar.kommune.no">kristin.skare@fitjar.kommune.no</a>	Ungdomsråd	Hedda	x/o
Fjell	Unni Rygg	47417522	<a href="mailto:unni.rygg@fjell.kommune.no">unni.rygg@fjell.kommune.no</a>	Ungd. Kommunestyre	Vegard	x/o
Fusa	Erik Vangsnes	47277146	<a href="mailto:erik.vangsnes@fusa.kommune.no">erik.vangsnes@fusa.kommune.no</a>	Ungdomsråd	Stine	x/x
Granvin	Siri Stuve	41268620	<a href="mailto:siri.stuve@granvin.kommune.no">siri.stuve@granvin.kommune.no</a>	Ungdomsråd	Endre	
Jondal	Ragnvald Joakimsen	45474181	<a href="mailto:post@jondal.kommune.no">post@jondal.kommune.no</a>	Ungdomsråd	Olve	x/x
Kvam	Kari Weltzien Vik	99543057	<a href="mailto:kwvi@kvam.kommune.no">kwvi@kvam.kommune.no</a>	Ungdomsråd	Lars	
Kvinnherad	Veronica Thorsen	97067136	<a href="mailto:veronica.thorsen@kvinnherad.kommune.no">veronica.thorsen@kvinnherad.kommune.no</a>	Ungd. Kommunestyre	Olve	x/o
Lindås	Eileen Feste	95765392	<a href="mailto:eileen.feste@lindas.kommune.no">eileen.feste@lindas.kommune.no</a>	Ungdomsråd	Emma	x/o
Masfjorden	Alf M. Strand		<a href="mailto:alf.m.strand@masfjorden.kommune.no">alf.m.strand@masfjorden.kommune.no</a>	Har ikkje ungdomsråd	Thomas	x/
Meland	Eirik Utne	93413089	<a href="mailto:Eirik.Utne@meland.kommune.no">Eirik.Utne@meland.kommune.no</a>	Sovande ungdomsråd	Thomas	x/skal starte
Modalen	Inga Jorunn Nåmdal		<a href="mailto:inga@modalen.kommune.no">inga@modalen.kommune.no</a>	Har ikkje ungdomsråd	Benedicte	x/x
	Øivind Olsnes - rådmann		<a href="mailto:oivind.olsnes@modalen.kommune.no">oivind.olsnes@modalen.kommune.no</a>			
Odda	Marit Langås	97558636	<a href="mailto:marit.langaas@odda.kommune.no">marit.langaas@odda.kommune.no</a>	Ungdomsråd	Cecilie	x/x
Os	Paul Manger	47881137	<a href="mailto:pjm@os-ho.kommune.no">pjm@os-ho.kommune.no</a>	Har ikkje ungdomsråd	Benedicte	x/x
Osterøy	Tor Arne Aasen	56192682	<a href="mailto:tor.arne.aasen@osteroy.kommune.no">tor.arne.aasen@osteroy.kommune.no</a>	Nystarta, etter UFT	Benedicte	x/x
	Kari Aakre		<a href="mailto:kari.aakre@osteroy.kommune.no">kari.aakre@osteroy.kommune.no</a>	Ungdomsråd		
Radøy	Katarina Birkeland	90696931	<a href="mailto:katarina.birkeland@radoy.kommune.no">katarina.birkeland@radoy.kommune.no</a>	Ungdomsråd	Agnes	x/x
Samnanger	Meline Heimdal Haugland	47465510	<a href="mailto:Meline.heimdal.haugland@samnanger.kommune.no">Meline.heimdal.haugland@samnanger.kommune.no</a>	Ungdomsråd	Lars	
Stord	Cecilie Berger	97552124	<a href="mailto:cecilie.berger@stord.kommune.no">cecilie.berger@stord.kommune.no</a>	Ungdomsråd	Olve	
Sund	Arnhild Kannelønning	97178832	<a href="mailto:arnhild.kannelonning@sund.kommune.no">arnhild.kannelonning@sund.kommune.no</a>	Ungdomsråd	Vegard	
Sveio	Olav Bergmål	99515876	<a href="mailto:olav.bergmaal@sveio.kommune.no">olav.bergmaal@sveio.kommune.no</a>	Ungdomsråd	Hedda	x/x

<b>Tysnes</b>	Vibeke Stoltz	95528902	<a href="mailto:vibeke.stoltz@tysnes.kommune.no">vibeke.stoltz@tysnes.kommune.no</a>	Ungdomsråd	Stine	x/o
<b>Ullensvang</b>	Torbjørn Reisæter	91867274	<a href="mailto:trei@ullensvang.herad.no">trei@ullensvang.herad.no</a>	Ungdomsråd	Cecilie	x/o
<b>Ulvik</b>	Ingvild Winters		Ingvild.Winters@ulvik.kommune.no	Ungdomsråd	Endre	
<b>Vaksdal</b>	Ann Kristin Bolstad		ann.kristin.bolstad@vaksdal.kommune.no	Ungdomsråd	Lars	
<b>Voss</b>	Lars Egil Sjøtun	56518350	<a href="mailto:Lars.E.Sjotun@voss.kommune.no">Lars.E.Sjotun@voss.kommune.no</a>	Har ikkje ungdomsråd	Cecilie	x/o
<b>Øygarden</b>	Bernt Hjørnevik, leiar - kul	56382015/9	<a href="mailto:bhj@oygarden.kommune.no">bhj@oygarden.kommune.no</a>	Har ikkje ungdomsråd	Thomas	x/
<b>Hardanger</b>	Trude Rinaldo	48954550	post@hardangerraadet.no	Regionalt ungdomsråd		

**Notat**

 Dato: 19.08.2014  
 Arkivsak: 2014/1527-10  
 Saksbehandlar: brihegg

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

**Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr. august**

Tabellen under viser saker som administrasjonen arbeider med og som det er planen å leggja fram for politisk behandling i løpet av halvåret. Oversikten vert ajourført til kvart møte i fylkesutvalet, slik at saker som er ferdig behandla vert tatt ut av lista og nye kan koma til. For nokre saker er det så langt ikkje fastsett dato for når dei kjem til behandling.

Saker	Kultur- og ressurs-utvalet	Opplærings- og helse-utvalet	Samferdsels-utvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget	Sist endra	Merknader
<b>Regionalavdelinga</b>							
Melding og framlegg til utgreiingsprogram for Blåura kraftverk i Fusa -fråsegn	19.08.			28.08.		05.08.	
Søknad om løyve til bygging av Røyrvik kraftverk, Kvam	19.08.			28.08.		05.08.	
Søknad om løyve til å byggja 7 småkraftverk i Kvam	19.08.			28.08.		05.08.	
Søknad om å byggja 3 småkraftverk i Samnanger	19.08.			28.08.		05.08.	
Søknad om å byggja 2 småkraftverk i Fusa	19.08.			28.08.		05.08.	
Skytjedalen pumpe, Eidfjord	19.08.			28.08.		05.08.	
Melding om auka slukeevne og overføring av vatn til Indre Jåstadelva og Kvednhusbekken, Ullensvang. Fråsegn	16.09.			24.09.		05.08.	
Søknad om konsesjon til overføring av Vatn 1062 & 1112 på Pyttafloene i Mauranger, Kvinnherad. Fråsegn	21.10.			30.10.		05.08.	
Melding av Tverrelva småkraftverk. Kvinnherad. Fråsegn	21.10.			30.10.		05.08.	
Konsesjonssøknad for overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn, Voss. Fråsegn	21.10.			30.10.		05.08.	
Melding om Bjørnetjørni kraftverk, Masfjorden. Fråsegn	21.10.			30.10.		05.08.	



Melding om Sollielva kraftverk, Masfjorden. Fråsegn	21.10.			30.10.		05.08.	
Melding om Storelva kraftverk, Masfjorden. Fråsegn	21.10.			30.10.		05.08.	
Søknad for overføring frå Vaksdalsvassdraget i Vaksdal til Herfangen i Samnanger og vidare til Svartavatn i Kvam. Fråsegn	21.10.			30.10.		05.08.	
Søknad om overføring av Våtekleivbekkane til Lang-Sima kraftverk. Ulvik og Eidfjord. Fråsegn	21.10.			30.10.		05.08.	
Regional plan for attraktive senter - vedtak	11.- 12.11.	11.-12.11.	12.11.	19. - 20.11.	9. - 10.12.	06.08.	
Kommuneplan for Fjell	16.09.					05.08.	
Kommuneplan for Modalen	16.09.					05.08.	
Reguleringsplan for Skaganeset – Sund kommune	16.09.					05.08.	
Reguleringsplan for Langeset – Bergen kommune	19.08.					05.08.	
Kommuneplanens arealdel – Meland kommune	19.08./ 21.10.					05.08.	
Tilrettelegging av ny Sotrabru for framtidig bybane	16.09.		20.08.			05.08.	
Planrapport 2013	21.10.			30.10.		05.08.	
Forskningsstrategi				04.12.	9. - 10.12	05.08.	
Reiselivorganisering i Hordaland				24.09.		06.08.	
Cruisestrategi for Vestlandet (VR27/11)				04.12.	9. - 10.12	06.08.	
Revidering av avtale HFK-BRB				30.10.		06.08.	
Melding inspirasjonskonferansane				04.12.			
Etablerertenesta i Hordaland				30.10.		06.08.	
Sak om driftsmidlar, næringsutvikling				04.12.	9. - 10.12	06.08.	
Melding oversikt over tilsegn frå HNH pr. 30/6-14				28.08.		06.08.	
Melding oversikt over tilsegn frå HNH pr. 30/9-14				30.10.		11.08.	
Mandat og samansetnad av Regionalt næringsforum				28.08.		11.08.	
Rullering av melding om Kystskogbruket, deltaking og finansiering				28.08.		11.08.	
Matstrategi – veival for lokalmat i Hordaland	16.09.			30.10.		11.08.	
Melding eu-prosjekt				30.10.		11.08.	
Evaluering av HFK si deltaking i Interregprosjekt				19. - 20.11.		11.08.	
<b>Økonomiavdelinga</b>							
Finansrapport 2. tertial				24. – 25.09.	14. – 15.10.		
Tertialrapport 2. tertial				24. – 25.09.	14. – 15.10.		
Årsbudsjett 2015/økonomiplan 2015-2018	11. – 12.11.	11.11.	12.11.	19.-20.11.	09. - 10.12.		
<b>Samferdselsavdelinga</b>							
Mulighetsstudie for elektriske bussar i			16. – 17.09.	24. – 25.09.			

Bergen							
Ny driftskontrakt for Stor-Bergen			22.10.	30.10.			
Prinsippsak om forskotering ved rekkefølgekrav			16. – 17.09.	24. – 25.09.	14. – 15.10.		
Strategi for innfartsparkering			12.11.	19. – 20.11.	09. - 10.12.		
Takst- og rabattreglement inklusiv 1 sone gjennomføring			16. – 17.09.	24. – 25.09.			
Handlingsplan Kollektivstrategien			12.11.	19. – 20.11.	09. - 10.12.		
Sotrasambandet – finansieringsopplegg			12.11.	19. – 20.11.	09. - 10.12.		
Belønningsmiddelsøknad			22.10.	30.10.			
Nordhordlandspakken			16. – 17.09.	24. - 25.09	14. - 15.10.		
RTP Handlingsprogram – revisjon			12.11.	19. - 20.11.	09. - 10.12.		
<b>Organisasjonsavdelinga</b>							
Mandat FYEL				24. – 25.09.		14.08.	
Mandat RMNF				24. – 25.09.		14.08.	
Kåring av «Årets hordalending»				24. – 25.09.		14.08.	
Revidert beredskapsplan				19. – 20.11.	09. – 10.12.	14.08.	
Reviderte rutinar for varsling				24. – 25.09.		14.08.	Adm.utval 11.09.
Kommunikasjonsstrategi				19. – 20.11.	09. – 10.12.	14.08.	
Styrerepresentasjon og kompetanse				19. – 20.11.	09. – 10.12.	14.08.	Polit. arb.utval
Prinsipp for godtgjersle for styreverv				19. – 20.11.	09. – 10.12.	14.08.	
<b>Tannhelsetenesta</b>							
Tannhelsetenesta – klinikkstruktur 2015 – 2030. Høring		16.09.		25.09.			
Tannhelsetenesta – klinikkstruktur 2015 – 2030							Des. 2014 eller mars 2015
<b>Opplæringsavdelinga</b>							
Tilstandsrapport		21.10.		19. – 20.11.	09. – 10.12.		
Nye lokale inntaksforskrifter		11. – 12.11.		19. – 20.11.			
Klassesak/Tilbudsstruktur		11. – 12.11.		19. – 20.11.	09. – 10.12.		
Plan for kompetanseutvikling		11. – 12.11.		19. – 20.11.			
<b>Kultur- og idrettsavdelinga</b>							
Stønad til kulturtiltak frå rådveldekonto	02.12.						
Stønad til ålmenne kulturføremål	21.10.						
Stønad til kulturtiltak for barn og unge (aktivitetsstønad)	21.10.						
Den kulturelle spaserstokken	21.10.						
Utviklingsstipend idrett/utdeling av stipend	02.12.				09. – 10.12. (utdeling)		
Fordeling kulturelt utviklingsprogram (KUP)	16.09.						
Regional kulturplan	02.12.			04.12.	09. – 10.12.		

## Notat

---

**Til:** Per Nordmark

---

**Frå:** Ungdommens fylkesutval

---

**Referanse**  
2014/560-98

**Dato**  
22.08.2014

### **Utale til regional plan for attraktive senter - Ungdommens fylkesutval**

Ungdommens fylkesutval stiller seg svært positive til planen slik som den er, og synest det er ein god plan.

Ungdommens fylkesutval ser på det som positivt at det blir satt fokus på at barn og barnefamiljar skal inkluderas i sentrumsområde i slik grad som planen legg opp til. Sjølv om vi synes planens fokus på barn og barnefamiljar er bra, ynskjer vi at planen i større grad legg fokus på ungdom sitt behov i sentrum, og ikkje berre barn og barnefamiljar.

Ungdommens fylkesutval synest i tillegg at det er svært positivt at det er sett fokus på kva tenester/fritid og kulturtilbod ungdom ynskjer i eit regionalsenter.

Med helsing

Agnes Hoshovde Bernes  
leiar

# Skulestartkonferansen

Systematisk elevmedverknad for betre læringsmiljø



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

2014



25.–26.09.2014. Grand hotel Terminus, Terminus hall, Bergen

## Dag 1

**Korleis kan skuleleiinga leggje til rette for systematisk elevmedverknad knytt til læring?**

**Målgruppe: rektorar og elevinspektørar**

### Program

09.00 – 09.30

Registrering, kaffi/te

09.30 – 09.45

**Opning** av konferansen ved regionleiar Annbjørg Laupsa

09.45 – 10.00

**Betre læringsmiljø** – presentasjon av prosjekt

10.00 – 11-30

**Tre- og firkantmøte – kva, korleis og kvifor?**

Anne Omland, assisterande rektor ved Risør videregående skole  
Systematisk elevmedverknad

- dømme frå U. Pihl videregående skole ved Henning Østensen, rektor, Charlotte Castadot, elevinspektør og elevar
- dømme frå Olsvikåsen videregående skole ved rektor Inger Lise Thorstensen og elevar

	Spørsmål Gruppediskusjon Refleksjon
11.30 – 12.30	Lunsj
12.30 – 15.00	« <b>Alle elever skal ha lyst til å gå på skolen hver dag!</b> » • Arenaer for elevmedverknad • Klasse møte som styrte prosessar Åssiden videregående skole ved rektor Ann-Mari Henriksen
	Pause undervegs
15.00	Avslutning

## Dag 2

### Korleis medverkar elevar i eige og andre sitt læringsmiljø?

Målgruppe: elevinspektørar og elevrådsstyre

	<b>Program</b>
09.00 – 09.30	Registrering, kaffi, te, rundstykke
09.30 – 10.00	Velkomst
10.00-11.00	<b>Medråderett i skulen: betydning for helse, trivsel og læring</b> Åssiden videregående skole, Drammen
11.00-11.30	<b>Korleis kan elevar, leiing og andre i skulen samarbeide systematisk om læring og læringsmiljø?</b> Skular i HFK deler gode døme
	Spørsmål og diskusjon med gruppeleiarar
11.30-12.30	Lunsj
12.30-13.00	<b>Elevorganisasjonen</b>
13.00-15.00	Tillitsvalt og rollemodell: <b>Rus og haldningar sett frå Politiet og PUT si side</b> Ved Mette Jentoft, leiar i psykiatrisk ungdomsteam (PUT) og Tone Loftesnes Kornli, Politiet i Bergen
	Pause undervegs
15.00	Avslutning

Erna Solberg

Dato: 27.08.2014  
Vår ref.: 2014/560-99  
Dykkar ref.:

## **Førespurnad om å halde innlegg på Ungdommens fylkesting Hordaland 7. eller 13. februar 2015**

Ungdommens fylkesutval i Hordaland arrangerer kvart år Ungdommens fylkesting der kvar kommune i Hordaland sendar to representantar, fortrinnsvis frå ungdomsråd. Her vart det nye Ungdommens fylkesutval vedteke, samt at Ungdommens planprogram vert vedteke for det neste året.

Ungdommens fylkesutval er særst nøgd med å ha ein statsminister frå Hordaland og ønskjer å spørje deg om du kan tenkje deg å halde eit innlegg på Ungdommens fylkesting 2015. Vi veit at du er veldig oppteken og for å auke sjansane for eit positivt svar vil vi føreslå både 7. og 13. februar som aktuelle datoar. Tidspunkt er og fleksibelt, og dersom det passar betre å kome søndagen på dei to helgane går det heilt fint. Uansett vert Ungdommens fylkesting heldt på eit hotell på Kokstad/Flesland.

Ungdommens fylkesutval ønskjer å ha eit fokus på korleis ungdomsråd kan jobbe saman med politikarar og administrasjon for å få meir påverknad i dei sakane som angår ungdom i kommunar og fylkeskommunen. Vi veit at du som politikar og med den erfaringa du sit inne med har mykje gode råd å kome med og håpar at du kan dele nokre av desse med oss på Ungdommens fylkesting.

Vi ser fram i mot å høyre frå deg og ønskjer deg lykke til vidare i det viktige arbeidet du gjer.

Agnes Hoshovde Bernes  
Leiar

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2014/13048-1  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet	73/14	20.08.2014
Fylkesutvalet	181/14	28.08.2014
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	40/14	10.09.2014
Ungdommens fylkesutval	72/14	17.09.2014
Fylkeseldrerådet i Hordaland	32/14	18.09.2014
Samferdselsutvalet		
Fylkesutvalet		

## Transportordninga for funksjonshemma - endring av retningslinjer

### Samandrag

Transportordninga for funksjonshemma er eit tilbod til innbyggjarar i Hordaland som på grunn av varig sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytte det ordinære kollektive rutetilbodet. Transportordninga gjeld fritidsreiser med drosje. Det er den enkelte sin helsetilstand som er avgjerande. Ordninga skal ikkje erstatta eit mangelfullt rutetilbod.

Dei noverande retningslinjene er frå 1. juli 2006 og er vedtekne av Fylkesutvalet. Tida er no inne for ei endring og presisering av nokre av retningslinjene. Fylkesrådmannen legg i saka fram forslag til nye retningslinjer.

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner forslag til nye retningslinjene for TT-ordninga i Hordaland, datert 23. mai 2014.

### Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014

**Stein Inge Ryssdal** sette fram forslag om å utsetja saka, og grunngav det med at den burde sendast på høyring hjå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdommens fylkesutval.

### Røysting

Forslaget om utsetjing vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

Saka vert utsett.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.08.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Saka vert utsett.

Johnny Stiansen  
Fung. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

Vedlegg 1: Forslag til nye retningslinjer gjeldande frå 1. september 2014.

Vedlegg 2: Retningslinjer gjeldande frå 1. mars 2009



## Fylkesrådmannen, 26.06.2014

### 1. Bakgrunn for saka:

Dei noverande retningslinjene er frå den 1. juli 2006, med ein mindre endring frå den 1. mars 2009. Det er opp til den einskilde fylkeskommune å fastsette retningslinjer for transportordninga. Retningslinjene er styrande for kven som vert godkjent av ordninga. Tida er no inne for endring og oppdatering av nokre av retningslinjene.

#### Generelt om TT-ordninga:

Alle fylkeskommunar er av Samferdselsdepartementet pålagt å ha ei ordning med tilrettelagt transport for personar som av ulike årsaker ikkje kan nytte det ordinære rutetilbodet. Ordninga er ikkje lovpålagt, og korleis det einskilde fylke organiserer tilbodet varierer. Ordninga er med andre ord budsjettstyrt og det er store skilnader på korleis fylka prioriterer å nytte ressursane som er avsett til ordninga.

Ordninga gjeld personar over 9 år som er fast busett i Hordaland og som på grunn av sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytte buss. Rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte er prioriterte grupper i TT-ordninga, men andre med nedsett funksjonsevne kan og søkja. Funksjonsnedsettinga må venteleg vare i minst 2 år. Direktør for samferdsel fattar vedtak i saka på grunnlag av ei tilråding frå den fylkeskommunale legenemnda. Alle godkjente TT-brukarar får eit elektronisk TT-kort med bilde med ein fast sum. TT-brukaren betalar ein eigenandel på 15 % av turprisen. Godkjenning som brukar av transportordninga gjeld for 2 eller 4 år om gongen.

Transportordninga for funksjonshemma hadde pr. 30.april 2014 ca 13.170 godkjente TT-brukarar i Hordaland. 7.399 av desse er busette i Bergen kommune, medan 5.771 er busette i fylket elles.

Talet på godkjente TT-brukarar i ein kommune er sett til maksimalt 3,4 % av folketalet i kommunen.

I 2013 vart det utført 206.025 TT-turar med drosje som vart betalt ved bruk av TT-korta. Dette er ein svak oppgang frå 2012. I 2012 vart det utført 205.311 TT-turar med drosje, og i 2011 vart det utført 225.000 TT-turar.

#### Transportordninga

Netto rekneskap (mill)	2009	2010	2011	2012	2013
Totalt	40,4	43,9	46,0	43,6	48,1
Herav arbeidskjøring	7,3	8,9	10,9	11,3	10,8

#### Klagesaker:

Det går fram av retningslinjene punkt 13 at ved klage gjeld forvaltningslova § 28 1. og 2. ledd. Klagefristen er i følgje forvaltningslova § 29. ledd 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Klagen skal sendast til samferdselsavdelinga, og vert vidare vurdert av 3 legar i legenemnda. Dersom klagen ikkje vert teken til følgje, går saka vidare til den fylkeskommunale klagenemnda.

I 2013 var det ca 30 klagesaker i klagenemnda, kun frå Bergen kommune. (Det var ca 30 klagesaker i tillegg, frå kommunane rundt Bergen). Administrasjonen vurderer dette som eit lågt antall klagesaker. Ut frå at samferdselsavdelinga mottar ca 1.300 søknader om brukargodkjenning pr. år, frå innbyggjarar i Bergen kommune.

Det er retningslinjene for TT-ordninga som avgjer om kva som skal til for å kome med i transportordninga. Det går på om ein er i stand til å nytta offentleg transportmiddel eller ikkje. Det går fram av retningslinjene punkt 5, 1. avsnitt at: «Målgruppa er personar som er *«grovt forflytningshemma»* og *difor ikkje kan nytte offentleg transportmiddel. Det er med andre ord den enkelte sin helsetilstand som er avgjerande. Behovet for å bere med varer heim, bratte bakkar/lang veg til busstopp og liknande vert ikkje vektlagt»*. I mange tilfelle går klagene ut på at det ikkje er offentleg transportmiddel som kan nyttast der vedkommande er busett eller der er dårleg kommunikasjon. Dette er eit moment som ein i følgje retningslinjene ikkje skal leggje vekt på. Det same gjeld dersom søkjaren har ein bratt bakke/lang veg mellom heim og busstopp. Det er den enkelte sin helsetilstand som er avgjerande. Nokre av klagesakene gjeld klager på avslag om fornya godkjenning. I andre tilfelle går klagene ut på at ein har ein psykisk sjukdom, men at ein ikkje har diagnose som kvalifiserer for brukargodkjenning.

Den fylkeskommunale legenemnda består av 4 allmennlegar og ein psykiater. Det er faste møter mellom legenemnda og administrasjonen. Desse legane vurderer eigenerklæringa ( søknaden ), legeerklæringa frå søkjaren sin lege, ein eventuell klage, samt eventuell annan dokumentasjon i saka. Legane vurderer ut frå det medisinske grunnlaget om søkjaren er sterkt nok forflytningshemma til å tilfredstille krava som er nedfelt i retningslinjene for ordninga. Legane kjem deretter med ei tilråding i saka. Dersom desse legane finn at søkjaren etter ei medisinsk vurdering ikkje tilfredstiller krava til å kome med i ordninga, så vert det innstilt på avslag. Søknaden vert vurdert av ein lege i den fylkeskommunale klagenemnda. Dersom avslaget vert påklaga, vert søknaden vurdert av tre legar i nemnda. Dersom det kjem fram nye opplysningar i saka og to av dei tre legane innstiller på godkjenning, så vert avslaget omgjort til ei godkjenning. Dersom legane etter ny vurdering finn at søkjaren ikkje tilfredsstiller krava, vert saka sendt vidare til den fylkeskommunale klagenemnda.

Handsaminga i klagesaker i TT-ordninga elles, følgjer forvaltningslova sine reglar om sakshandsaming. Klagenemnda kan prøve alle sider av det vedtaket som det er klaga over. Klagen kan enten bli teken til følgje eller vedtaket om avslag kan bli stadfesta. Klagenemnda sine vedtak er endelege.

Ein gjer merksam på at fleire av dei som får avslag på søknaden, søker på nytt om å bli godkjent som brukar av transportordninga. Dette i staden for å klage på vedtaket. Får ein avslag har ein moglegheit til å søkja på nytt.

## **2. Forslag til endringar i gjeldande retningslinjer:**

I det fylgjande går ein gjennom forslag til dei viktigaste endringane i retningslinjene. I vedlegg 1, fylgjer forslag til dei nye retningslinjene.

Til retningslinjene punkt 3, godkjenningsperiode:

Vurdering av om ein kan gje personar med konstatert varig funksjonshemming livsvarig godkjenning.

I dei noverande retningslinjene for transportordninga punkt 3, 2. avsnitt går det m.a. fram at: *«godkjenning vert gjeve for 2 eller 4 år om gongen»*.

Når godkjenningsperioden er over må den enkelte søkje om fornya godkjenning. Brukarane har motteke eit særskilt brev om dette frå administrasjonen i god tid før godkjenningsperioden er over. Blinde TT-brukarar slepp å søkja på nytt, og får automatisk ein ny godkjenningsperiode på 4 år. TT-brukarar som har fylt 80 år og som har ein varig godkjenning (godkjenningsperiode på 4 år) får godkjenninga omgjort til livsvarig godkjenning. Det vert og vist til sak om livsvarig godkjenning for personar med konstatert varig funksjonshemming, av 20. oktober 2010, sak 201003324-5.

Vi registrerar at mange søkjarar med konstatert varig funksjonshemming som til dømes rullestolbrukarar, reagerer på at dei må senda inn ny søknad når godkjenningsperioden er over. Dei held fram at det ikkje er

noko endring i deira helsetilstand, og likevel må dei ta arbeidet med å senda inn ny søknad. Dette temaet har og vore drøfta av den fylkeskommunale legenemnda, sist i møte den 30.10.2013. Nemnda kom fram til at blinde og rullestolbrukarar med varige kroniske lidningar som til dømes MS og ALS kan få livsvarig brukargodkjenning. Brukarane må her kunne leggja fram tilstrekkeleg dokumentasjon på at sjukdomen er konstatert varig. Det er legenemnda som vurderer kvar enkelt søknad konkret, om vilkåra for å få livsvarig godkjenning, er oppfylt. Dette fordi dette er ei medisinsk vurdering. Administrasjonen vil endra søknadsskjemaet der legenemnda skriv si medisinske konklusjon, med ein eigen rubrikk for livsvarig godkjenning. Fylkesrådmannen rår difor til at retningslinjene punkt 3, 4 setning vert endra til:

*«Personar med konstatert varig funksjonshemming og TT-brukarar med varig godkjenning som er fylt 80 år, får godkjenninga omgjort til livsvarig godkjenning.»*

Til retningslinjene punkt 5: Medisinske vilkår for å kunne bli godkjent som brukar av transportordninga:

Kriteria for godkjenning av personar med psykiske lidningar.

I retningslinjene for transportordninga punkt 5, 1. avsnitt, heiter det m.a. at:

*«Det er eit vilkår for å kunne bli godkjent som brukar at søkjaren har varig nedsett mobilitet, slik at vedkommande ikkje kan nytte seg av det offentlege rutetilbodet.»*

Det går fram av retningslinjene punkt 5, 3. avsnitt:

*«Psykiske lidningar vil berre i heilt spesielle tilfelle kunne gje grunnlag for brukargodkjenning. Det må i så tilfelle dokumenterast grundig at søkjaren på grunn av sjukdommen ikkje kan nytte offentlege transportmiddel, eller at sjukdommen blir vesentleg forverra ved å nytte slik transport.»*

Søknader som manglar slik dokumentasjon har vanskeleg for å verte godkjente. Det vert og vist til sak den 20. oktober 2010 sak nr. 201003324-5 om dette.

Mange søkarar oppgjev psykiske lidningar som årsak til at ein ynskjer å kome med i transportordninga for funksjonshemma. Mange av desse har tidlegare fått avslag på søknaden ettersom dei ikkje har oppfylt krava for brukargodkjenning. Når søkjarane var gangføre og slikt sett i stand til å nytte offentleg transportmiddel, kunne det vera vanskeleg å fastlå om dei skulle godkjennast eller ei. Det er den fylkeskommunale legenemnda som avgjer dette. Forholdet til psykisk sjukdom og rett til å bli godkjend som brukar av transportordninga har vore drøfta med legenemnda. Nemnda kom fram til at det må liggja føre ei alvorleg psykisk lidning og at ein må stille strenge krav til dokumentasjon på kvifor ein ikkje er i stand til å nytte offentleg transport eller at sjukdomen vert vesentleg forverra av å nytte offentleg transport. Døme på slik dokumentasjon kan vere: Brei, langvarig kontakt med behandlingsapparatet, tyngre psykiatri/alvorleg diagnose, god funksjonsbeskriving eller kronisk sjukdom. Frå og med august 2010 vart legenemnda supplert med ein psykiater. Ho handsamar særskilt saker der søkjarane har ei psykisk lidning, noko som har auke den kompetansen på psykisk sjukdom i nemnda. Vi rår til at retningslinjene punkt 5 avsnitt 2 vert endra til:

*«Psykiske lidningar som har medført ei brei og langvarig kontakt med behandlingsapparatet/tyngre psykiatri/alvorleg diagnose kan gje grunnlag for brukargodkjenning. Det må i så tilfelle dokumenterast at søkjaren på grunn av sjukdommen ikkje kan nytte offentleg transportmiddel, eller at sjukdommen blir vesentleg forverra ved å nytte slik transport.»*

Til retningslinjene punkt 7, Brukarkvotar:

Det går fram av retningslinjene punkt 7 at:

« Godkjente brukarar av transportordninga får inntil vidare tildelt følgjande kvoter med omsyn til fritidsreiser:

<i>Brukarar over 67 år</i>	<i>kr. 4.500,- pr. år</i>
<i>Brukarar under 67 år</i>	<i>kr. 5.500,- pr. år</i>
<i>Brukarar som fell inn under punkt 5 a) – b)</i>	<i>kr 7.500,- pr. år</i>
<i>Brukarar som fell inn under punkt 5 c</i>	<i>varierende satser.»</i>

Det er her behov for ei nærare presisering av reglane og beløpa. Vi gjer merksam på at der er inga endring i størrelsen på kvote-beløpa.

Forslag til endring av retningslinjene punkt 7:

«Godkjente brukarar av transportordninga får inntil vidare tildelt følgjande kvotar med omsyn til fritidsreiser:

<i>Brukarar over 67 år</i>	<i>kr. 4.500,- pr. år</i>
<i>Brukarar under 67 år</i>	<i>kr. 5.500,- pr. år</i>
<i>Blinde/sterkt svaksynte (under visus 0,1)</i>	<i>kr. 7.500,- pr. år</i>
<i>Rullestolbrukarar med manuell rullestol</i>	<i>kr. 7.500,- pr. år</i>
<i>Rullestolbrukarar med elektrisk rullestol eller som treng spesialbil</i>	<i>kr. 9.500,- pr. år</i>

*Som elektrisk rullestol i denne samanheng vert ikkje å rekna «overbygde rullestolar», permobilar eller scootere.*

*Brukarar som bur meir enn 20 km frå næraste servicesenter (post/butikk etc ) får eit tillegg på kr. 1.000,- pr. år.*

*For ektepar/sambuarar som begge er godkjente brukarar av ordninga vert kvotane redusert med 25 % i forhold til det vedkommande ville hatt krav på etter reglane ovanfor.*

*Godkjente brukarar med tilgang på bil i husstanden får redusert kvoten sin med 25 %.*

*Kvotereduksjonen gjeld ikkje blinde/sterkt svaksynte eller rullestolbrukarar.»*

For å bli kategorisert som rullestolbrukar i forhold til retningslinjene, meinast at ein må vera avhengig av rullestol når ein ferdast utandørs. Overbygde rullestolar, permobilar eller scootere tildelt av hjelpemiddelsentralen vert ikkje å rekna som elektrisk rullestol. Dette er kjøretøy til bruk over lengre avstandar. Personar som brukar desse kjøretøya er ikkje avhengig av rullestol for å ferdast utandørs. Dei kan som oftast ferdast utandørs utan rullestol, men er avhengig av denne type rullestol når dei skal ferdast over lengre avstandar.

Ektepar/sambuarar som begge er godkjente brukarar av ordninga får kvotane redusert med 25 %. Grunnen til dette er at kvar TT-brukar kan utan meirkostnad ha med ein følgjeperson. TT-brukaren og følgjepersonen vert rekna som ein passasjer.

Når det gjeld 4. punktum i noverande retningslinjer: «*Brukarar som fell inn under punkt 5 c - varierende satser*» foreslår ein at dette punktet vert endra til: «*Rullestolbrukarar med elektrisk rullestol eller som treng spesialbil kr. 9.500,- pr. år.*» Denne endringa er berre ein stadfesting av ein fast praksis med eit kvotebeløp som har vore over lengre tid.

Til retningslinjene punkt 10: Arbeidskjøring:

Punkt 10: I retningslinjene for transportordninga som gjeld arbeidskjøring heiter det at:

*«Arbeidstakarar som har tilrettelagt arbeid:*

*Personar som deltek i eit varig tilrettelagt arbeid, og som samstundes mottar uførestønad, som treng særskilt tilrettelagt transport til og frå arbeid kan søkje om stønad til slik transport.*

*Det blir kravd eigenandel ved transporten.»*

Personar med varig tilrettelagt arbeid i verksemdar kan etter søknad få innvilga arbeidskjøring. Ved utgangen av april månad 2014 var det ca 200 personar som hadde tilrettelagt skyss. Tilbod om arbeidskjøring gjeld mellom heim og arbeidsstad, for inntil 5 arbeidsdagar i veka. For å kunne søkje om arbeidskjøring må ein vere godkjent TT-brukar. Søkjaren må ha varige forflytningsvanskar som medfører at ein ikkje kan reise til og frå arbeidet med vanleg rutegåande transportmiddel. Reisa må føre til så store belastningar at det ikkje er rimeleg å krevje at ein skal nytte rutegåande transportmiddel. Ein fell utanfor ordninga dersom ein har fått bil gjennom folketrygda. Søkjaren må vera varig uføretrygda.

Det er eit vilkår at arbeidet må vera i ei bedrift som har godkjente VTA-arbeidsplassar. Varig tilrettelagt arbeid (VTA) er ein tidsubegrensa arbeidsaktivitet for personar med varig uføretrygd og som har behov for spesiell tilrettelegging og tett oppfølging. Verksemda skal tilby deltakarane arbeidsoppgåver tilpassa den einskilde si arbeidsevne. Arbeidet skal bidra til å utvikle ressursar hos deltakarane gjennom kvalifisering, tilrettelagte arbeidsoppgåver og tett oppfølging.

Der finns og ei statleg ordning (NAV) med Arbeids- og utdanningsreiser. Dersom ein har varig forflytningsvansker og ikkje kan reise til og frå arbeids- eller utdanningsstad med offentlege transportmidlar, kan ein søkje om støtte til arbeids- og utdanningsreiser. Ordninga inneber at ein kan få transport med drosje til og frå arbeid eller skule. Ordninga er lokalisert til NAV i Oppland. I motsetning til ordninga med arbeidsreiser som er ein del av TT-ordninga, er det her ikkje krav om at ein må vera uføretrygda eller at ein må ha ein VTA-arbeidsplass.



# Retningslinjer for Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland

Gjeldande frå 1. september 2014



23.05.2014

## **Innhald:**

<b>1. Formål</b>	<b>3</b>
<b>2. Kven kan nytte ordninga?</b>	<b>3</b>
<b>3. Godkjenningsperiode</b>	<b>3</b>
<b>4. Brukartak</b>	<b>3</b>
<b>5. Medisinske vilkår</b>	<b>4</b>
<b>6. Framgangsmåte ved søknad om brukargodkjenning</b>	<b>4</b>
<b>7. Brukarkvotar</b>	<b>5</b>
<b>8. Bruk av TT-kortet</b>	<b>5</b>
<b>9. Eigendel ved fritidsreiser</b>	<b>6</b>
<b>10. Arbeidskjøring</b>	<b>6</b>
<b>11. Eigendel ved arbeidskjøring</b>	<b>7</b>
<b>12. Utmelding av transportordninga - flytting m.v.</b>	<b>7</b>
<b>13. Klage</b>	<b>7</b>
<b>14. Endringar</b>	<b>7</b>

## **1. Formål**

Transportordninga for funksjonshemma er eit ikkje lovfesta tilbod til innbyggjarar i Hordaland som på grunn av varig sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytte det ordinære kollektive rutetilbodet. Ordninga skal såleis ikkje erstatte eit mangelfullt rutetilbod.

Transportordninga skal dekkja fritidsreiser, dvs reiser som ikkje fell inn under NAV sine ordningar, eller reglar om skuleskyss.

I tillegg kan godkjente TT-brukarar etter reglane i punkt 10 og 11 søke om stønad til arbeidsreiser.

## **2. Kven kan nytte ordninga**

Innbyggjarar i Hordaland som på grunn av varig sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytte det offentlege rutetilbodet, kan søkje om å bli godkjent som brukar av transportordninga.

Minstealder for å bli omfatta av ordninga er 9 år.

Rullstolbrukarar og blinde/sterkt synshemma er prioriterte i ordninga, men andre med nedsett mobilitet kan og søkje.

Personar med fast plass på institusjon og personar som har fått stønad til kjøp av bil gjennom folketrygdlova vil berre kunne bli godkjent som brukar av ordninga dersom dei er blind/sterkt synshemma eller avhengig av rullestol.

Personar med varig sjukdom eller funksjonshemming som varer i meir enn 2 år kan få godkjenning.

TT-kortet er personleg og kan ikkje overdragast.

## **3. Godkjenningsperiode**

Godkjenningar vert gjeve for 2 eller 4 år om gongen. Når godkjenningsperioden er over må den enkelte søkje om fornya godkjenning.

Godkjenning blir gjeve for maksimalt 4 år om gongen.

Mellombels godkjenning blir gjeve for minst 2 år.

Personar med konstatert varig funksjonshemming og TT-brukarar med varig godkjenning som er fylt 80 år, får godkjenninga omgjort til livsvarig godkjenning.

## **4. Brukartak**

Talet på godkjente brukarar er sett til maksimalt 3,4 % av folketalet i kommunen.



## 5. Medisinske vilkår for å bli godkjent som brukar av transportordninga

Det er eit vilkår for å kunne bli godkjent som brukar at søkjaren har varig nedsett mobilitet, slik at vedkommande ikkje kan nytte seg av det offentlege rutetilbodet. Målgruppa er personar som er ”grovt forflyttingshemma” og difor ikkje kan nytte offentleg transportmiddel. Det er med andre ord den enkelte sin helsetilstand som er avgjerande. Problem med å bere med varer heim, bratte bakkar/lang veg til busstopp/manglande rutetilbod vert ikkje vektlagt.

Psykiske lidingar som har medført ei brei og langvarig kontakt med behandlingsapparatet/tyngre psykiatri/alvorleg diagnose kan gje grunnlag for brukargodkjenning. Det må i så tilfelle dokumenterast at søkjaren på grunn av sjukdommen ikkje kan nytte offentlege transportmiddel, eller at sjukdommen blir vesentleg forverra ved å nytte slik transport.

Dersom søkjaren dokumenterer med legeerklæring at han/ho har ein av følgjande medisinske tilstandar, så vil vedkommande bli godkjent som brukar av transportordninga:

- a) Blind
- b) Sterkt synshemma (visus med korreksjon som er mindre enn 6/60-del (0,1) og/eller når personen ikkje klarar fingertelling (med korreksjon) på meir enn 6 meter
- c) Avhengig av rullestol (må dokumenterast med stadfesting frå lege eller hjelpemiddelsentralen)
- d) Sjukdom i den terminale fasen/langt framskreden kreft
- e) Avhengig av konstant kunstig surstofftilførsel

Elles kan ein i særskilte tilfelle søkje om å bli godkjent som TT- brukar dersom ein på grunn av varig sjukdom eller funksjonshemming har vesentleg nedsett mobilitet. Den nedsette mobiliteten må ha ført til at vedkommande ikkje kan nytte seg av det offentlege rutetilbodet.

## 6. Framgangsmåte ved søknad om brukargodkjenning

Søknadsskjema finn ein på Hordaland fylkeskommune sine heimesider [www.hordaland.no/tt](http://www.hordaland.no/tt) eller ved å vende seg til kommunen.

I kommunane utanfor Bergen skal søknaden sendast til kommunen som handsamar søknaden, og fattar vedtak i saka på grunnlag av delegert mynde frå Hordaland fylkeskommune.

Innbyggjarar i Bergen kommune må senda søknaden til Hordaland fylkeskommune v/samferdselsavdelinga som fattar vedtak i saka.

Søknad om å verte godkjent som brukar av transportordninga skal innehalde eigenerklæring og legeerklæring som ikkje må vera eldre enn 6 månader. Søknader som manglar eigenerklæring og/eller legeerklæring vil ikkje verte handsama. Det er søkjaren sitt ansvar at søknaden vert tilstrekkeleg dokumentert.

Søklarar som vert godkjent får tilsendt eit brevark som innan 2 månader skal sendast kortproduzenten. På brevarket må det limast inn eit bilete, helst passfoto. Innan 14 dagar etter innsendt brevark, får brukar tilsendt eit personleg TT-kort med magnetstripe.

## 7. Brukarkvotar

Godkjente brukarar av transportordninga får inntil vidare tildelt følgjande kvotar med omsyn til fritidsreiser:

Brukarar over 67 år	kr. 4.500,- pr. år
Brukarar under 67 år	kr. 5.500,- pr. år
Blinde/sterkt svaksynte (under visus 0,1)	kr. 7.500,- pr. år
Rullestolbrukarar med manuell rullestol	kr. 7.500,- pr. år
Rullestolbrukarar med elektrisk rullestol eller som treng spesialbil	kr . 9.500,- pr. år

Som elektrisk rullestol i denne samanheng vert ikkje å rekna «overbygde rullestolar», permobilar eller scootere.

Brukarar som bur meir enn 20 km frå næraste servicesenter (post/butikk etc) får eit tillegg på kr. 1.000,- pr. år.

For ektepar/sambuarar som begge er godkjente brukarar av ordninga vert kvotane redusert med 25 % i forhold til det vedkommande ville hatt krav på etter reglane ovanfor.

Godkjente brukarar med tilgang på bil i husstanden får redusert kvoten sin med 25 %.

Kvotereduksjonen gjeld ikkje blinde/sterkt svaksynte eller rullestolbrukarar.

## 8. Bruk av TT-kortet

TT-kortet kan nyttast til reiser med drosje, turvogn/spesialbil med handikapløyve med taksameter. TT-kortet skal ikkje nyttast til reiser som kjem inn under lovfesta ordningar. Døme på dette er reiser til lege, medisinsk behandling eller reiser til og frå skole for elevar med rett til fri skoleskyss.

Ved tap av TT-kortet må kortet sperrast straks.

Dette kan gjerast ved å ringja kontofonen ( 21 51 45 41), samferdselsavdelinga ( 55 23 93 63) eller via mail til [samferdsel@hfk.no](mailto:samferdsel@hfk.no) . Utferding av nye kort vil ikkje koste noko for brukar første gongen. Ved utferding av nye kort kan du måtte betala for dei faktiske kostnadene.

Ved reiser utanfor Hordaland må den enkelte brukar legge ut for reisa og sende rekning for turen til samferdselsavdelinga. Namn, fødselsdato og bankkontonummer må opplysast. Samferdselsavdelinga overfører 85% av turutgiftene til brukar sin bankkonto og trekkjer tilsvarande sum frå TT-kontoen.

Bestilling/avbestilling av transport skjer direkte til transportør. Er bilen alt på veg når avbestillinga skjer, har transportøren rett til å krevje betaling.

## 9. Eigendel ved fritidsreiser

For kvar tur må brukaren betale ein eigendel på minst 15 % av turprisen. Det resterande kan betalast med TT-kortet. Brukaren kan betala ein høgare eigendel enn minstesatsen på 15 % . Kvar brukar kan

utan meirkostnad ha med ein følgjeperson. Brukar og følgjeperson vert rekna som ein passasjer. Følgjepersonen må møte opp der brukaren blir henta og følgje med fram til reisemålet.

## **10. Arbeidskjøring**

### **Arbeidstakarar som har varig tilrettelagt arbeid (VTA):**

Tilbod om arbeidskjøring gjeld mellom heim og arbeidsstad.

Varige uføretrygda personar som deltek i eit varig tilrettelagt arbeid ( godkjent VTA plass ) og som treng særskilt tilrettelagt transport til og frå arbeid, kan søkje om stønad til transport.

For å kunne søkje om arbeidskjøring må ein vere godkjent TT-brukar.

Søkjaren må oppfylle følgjande vilkår for å kunne bli innvilga særskilt transport til og frå arbeidsstaden:

- Søkjar må ha varige forflytningsvanskar som medfører at ein ikkje kan reise til og frå arbeidet med vanleg rutegåande transportmiddel.
- Reisa må føre til så store belastningar at det ikkje er rimeleg å krevje at ein skal nytte rutegåande transportmiddel.
- Varige forflytningsvanskar skal dokumenterast med legeerklæring.
- Ein fell utanfor ordninga dersom ein har fått bil gjennom folketrygda.
- Andre løysingar må ikkje vere mogeleg.
- Transporten skal samordnast i den grad dette er mogeleg.
- Det skal betalast ein eigendel for slik transport.

Ved søknad om særskilt transport til og frå arbeidsstaden skal eiga skjema nyttast. Søknadsskjema finn ein på Hordaland fylkeskommune sine heimesider [www.hordaland.no/tt](http://www.hordaland.no/tt) eller ved å vende seg til samferdselsavdelinga.

## **11. Eigendel ved arbeidskjøring**

Eigendelen for arbeidskjøring tur/retur er slik:

- kr. 500,- pr. måned for 5 arbeidsdagar i veka
- kr. 400,- pr. måned for 4 arbeidsdagar i veka
- kr. 300,- pr. måned for 3 arbeidsdagar i veka
- kr. 200,- pr. måned for 2 arbeidsdagar i veka
- kr. 100,- pr. måned for 1 arbeidsdag i veka.

Brukarar som berre nyttar arbeidskjøring ein veg betaler halv eigendel.

## **12. Utmelding av transportordninga - flytting m.v.**

Brukarar som flytter frå fylket, eller som får fast plass i institusjon misser brukargodkjenninga. Blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar misser ikkje brukargodkjenninga ved flytting på institusjon.

Ein må melde frå om flytting, dette gjeld og innan Hordaland, slik at brukaren kan verte registrert i ny heimkommune.

## **13. Klage**

Ved klage gjeld reglane i forvaltningslova § 28 1. og 2. ledd.

Klagefristen er i følge forvaltningslova § 29 1. ledd 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Klagen skal sendast til samferdselsavdelinga, og vert vidare vurdert av 3 legar i legenemnda. Dersom klagen ikkje vert teken til følge, går saka vidare til den fylkeskommunale klagenemnda.

## **14. Endringar**

Fylkeskommunen kan til ei kvar tid gjere endringar i retningslinjene for transportordninga, også med verknad for dei som alt er omfatta av ordninga.



# Retningslinjer for Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland

Gjeldande frå 1. mars 2009



## **Innhald:**

<b>1. Formål</b>	<b>3</b>
<b>2. Kven kan nytte ordninga?</b>	<b>3</b>
<b>3. Godkjenningsperiode</b>	<b>3</b>
<b>4. Brukartak</b>	<b>3</b>
<b>5. Medisinske vilkår</b>	<b>4</b>
<b>6. Framgangsmåte ved søknad om brukargodkjenning</b>	<b>4</b>
<b>7. Brukarkvotar</b>	<b>5</b>
<b>8. Bruk av TT-kortet</b>	<b>5</b>
<b>9. Eigendel ved fritidsreiser</b>	<b>6</b>
<b>10. Arbeidskjøring</b>	<b>6</b>
<b>11. Eigendel ved arbeidskjøring</b>	<b>7</b>
<b>12. Utmelding av transportordninga - flytting m.v.</b>	<b>7</b>
<b>13. Klage</b>	<b>7</b>
<b>14. Endringar</b>	<b>7</b>

## **1. Formål**

Transportordninga for funksjonshemma er eit ikkje lovfesta tilbod til innbyggjarar i Hordaland som på grunn av varig sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytte det ordinære kollektive rutetilbodet. Ordninga skal såleis ikkje erstatte eit mangelfullt rutetilbod.

Transportordninga femner om fritidsreiser, dvs reiser som ikkje fell inn under trygdeetaten sine ordningar, eller reglar om skuleskyss.

I tillegg kan godkjente brukarar etter reglane i punkt 10 og 11 få stønad til arbeidsreiser.

## **2. Kven kan nytte ordninga ?**

Innbyggjarar i Hordaland som på grunn av varig sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytte det offentlege rutetilbodet, kan søkje om å bli godkjent som brukar av transportordninga.

Minstealder for å bli omfatta av ordninga er 9 år.

Personar med fast plass på institusjon vil berre kunne bli godkjent som brukar av ordninga dersom søkjaren har ein medisinsk tilstand som fell inn under punkt 5 a) - c). (Sjå nedanfor)

Søklarar som har fått stønad til kjøp av bil gjennom folketrygdlova vil berre kunne bli godkjent som brukar av ordninga dersom søkjaren har ein medisinsk tilstand som fell inn under punkt 5 a) – c).

Med varig sjukdom eller funksjonshemming blir meint sjukdom/funksjonshemming som varer meir enn 2 år.

## **3. Godkjenningsperiode**

Godkjenningar vert gitt for 2 eller 4 år om gongen. Når godkjenningsperioden er over må den enkelte søkje om fornya godkjenning. Brukarane vil motta særskilt brev om dette i god tid før perioden er over. Brevet inneheld skjema for egenerklæring og legeerklæring.

Godkjenning blir gjeve for maksimalt 4 år om gongen.

Mellombels godkjenning blir gitt for minst 2 år.

## **4. Brukartak**

Talet på godkjente brukarar i ein kommune er sett til maksimalt 3,4 % av folketalet i kommunen.

## **5. Medisinske vilkår for å bli godkjent som brukar av transportordninga**

Det er eit vilkår for å kunne bli godkjent som brukar at søkjaren har varig nedsett mobilitet, slik at vedkommande ikkje kan nytte seg av det offentlege rutetilbodet. Målgruppa er personar som er ”grovt forflyttingshemma” og difor ikkje kan nytte offentleg transportmiddel. Det er med andre ord den enkelte sin helsetilstand som er avgjerande. Behovet for å bere med varer heim, bratte bakkar/lang veg til busstopp og liknande vert ikkje vektlagt.

Psykiske lidingar vil berre i heilt spesielle tilfelle kunne gje grunnlag for brukargodkjenning. Det må i så tilfelle dokumenterast grundig at søkjaren på grunn av sjukdommen ikkje kan nytte offentlege transportmiddel, eller at sjukdommen blir vesentleg forverra ved å nytte slik transport.

Dersom søkjaren dokumenterer med legeerklæring at han/ho har ein av følgjande medisinske tilstandar, så vil vedkommande bli godkjent som brukar av transportordninga:

- a) Blind
- b) Sterkt synshemma (visus med korreksjon som er mindre enn 6/60-del (0,1) og/eller når personen ikkje klarar fingertelling (med korreksjon) på meir enn 6 meter.
- c) Avhengig av rullestol (må dokumenterast med stadfesting frå lege eller hjelpemiddelsentralen)
- d) Sjukdom i den terminale fasen
- e) Avhengig av konstant kunstig surstofftilførsel

Elles kan ein i særskilte tilfelle søkje om å bli godkjent som brukar dersom ein på grunn av varig sjukdom eller funksjonshemming har vesentleg nedsett mobilitet. Den nedsette mobiliteten må ha ført til at vedkommande ikkje kan nytte seg av det offentlege rutetilbodet.

## **6. Framgangsmåte ved søknad om brukargodkjenning**

Søknadsskjema får innbyggjarar i kommunane utanfor Bergen ved å vende seg til kommunen.

I kommunane utanfor Bergen skal søknaden sendast til kommunen. Kommunen handsamar søknader, og fattar vedtak i saka på grunnlag av delegert mynde frå Hordaland fylkeskommune.

Innbyggjarar i Bergen kommune får søknadsskjema ved å vende seg til legekontora eller til Hordaland fylkeskommune ved samferdselsavdelinga. Søknad må sendast til Hordaland fylkeskommune v/samferdselsavdelinga som fattar vedtak i saka på grunnlag av tilråding frå legenemnda.

Søknad om å verte godkjent som brukar av transportordninga skal innehalde eigenerklæring og ei erklæring frå lege. Søknader som manglar eigenerklæring og/eller legeerklæring vil ikkje verte handsama. Det er søkjaren sitt ansvar at søknaden vert tilstrekkeleg dokumentert.

Søklarar som vert godkjent får tilsendt eit brevark som skal sendast kortprodusenten. På brevarket må det limast inn eit bilete, helst passfoto. Innan 14 dagar får brukar tilsendt eit personleg TT-kort med magnetstripe.



## 7. Brukarkvotar

Godkjente brukarar av transportordninga får inntil vidare tildelt følgjande kvotar med omsyn til fritidsreiser:

Brukarar over 67 år	kr. 4.500,- pr. år
Brukarar under 67 år	kr. 5.500,- pr. år
Brukarar som fell inn under punkt 5 a) – b)	kr. 7.500,- pr. år
Brukarar som fell inn under punkt 5 c	varierende satser.

Brukarar som bur meir enn 20 km frå næraste servicesenter (post/butikk etc) får eit tillegg på kr. 1.000,- pr. år.

For ektepar/sambuarar som begge er godkjente brukarar av ordninga vert kvotane redusert med 25 % i relasjon til det vedkommande ville hatt krav på etter reglane ovanfor.

Godkjente brukarar med tilgang på bil i husstanden får redusert kvoten sin med 25 %.

## 8. Bruk av TT-kortet

TT-kortet kan nyttast til reiser med drosje, turvogn med installert taksameter eller spesialbil med handikapløyve. TT-kortet skal ikkje nyttast til reiser som kjem inn under lovfesta ordningar, som til dømes reiser til lege eller reiser til medisinsk behandling eller reiser til og frå skolen for elevar med rett til fri skoleskyss.

Dersom du mister TT-kortet må kortet sperrast umiddelbart. Dette kan gjerast via kontofon eller ved å ringe samferdselsavdelinga. Utferding av nye kort vil ikkje koste noko for brukar første gongen. Ved utferding av nye kort utover eitt må du betala for dei faktiske kostnadene.

Ved reiser utanfor Hordaland må den enkelte brukar legge ut for reisa og sende rekning for turen til samferdselsavdelinga. Bankkontonummer må opplysast. Samferdselsavdelinga overfører 85% av turutgiftene til korteigar sin bankkonto og trekkjer tilsvarende sum frå TT-kontoen.

Bestilling/avbestilling av transport skjer direkte til transportutøvarer. Er bilen alt på veg når avbestillinga skjer, har transportøvarer rett til å krevje betaling.

## **9. Eigendel ved fritidsreiser**

For kvar tur gjeld at brukaren må betale ein eigendel på minst 15 % av turprisen. Det resterande kan betalast med TT-kortet. Det er opp til brukaren i kva grad vedkommande ønskjer å auke eigendelen utover dei obligatoriske 15 %.

Kvar brukar kan utan meirkostnad ha med ein følgjeperson. Brukar og følgjeperson vert rekna som ein passasjer. Følgjepersonen må møte opp der brukaren blir henta og følgje med fram til reisemålet. Passasjerar utover følgjepersonen må pårekna å betale ein høveleg del av turkostnadane. Ved bruk av drosje kan også andre enn brukaren og følgjepersonen vere med som ordinære passasjerar mot å betale ein høvesvis del av det turen kostar.

## **10. Arbeidskjøring**

### **Arbeidstakarar som har tilrettelagt arbeid:**

Personar som deltek i eit varig tilrettelagt arbeid, og som samstundes mottar uførestønad, som treng særskilt tilrettelagt transport til og frå arbeid kan søkje om stønad til slik transport.

Det blir kravd eigendel ved transporten.

Søknad om arbeidskjøring i samband med tilrettelagt arbeid skal sendast til samferdselsavdelinga. Samferdselssjefen fattar vedtak i saka.

### **Arbeidstakarar med lønnsinntekt og studentar:**

Arbeidstakarar med lønnsinntekt som treng særskilt tilrettelagt transport til og frå arbeidet kan søkje om stønad til slik transport. Det same gjeld studentar som treng særskilt tilrettelagt transport til og frå undervisningsstaden.

Søklar må ha varige forflytningsvanskar og ikkje kunne nytte vanleg rutegåande transport til og frå arbeidet/undervisningsstaden. Alternativt må reisa føre til så store belastningar for søklar at det ikkje er rimeleg å krevje at vedkommande nyttar rutegåande transport.

Personar som har fått bil gjennom folketrygda fell i utgangspunktet utanfor ordninga, men slike søknader vert likevel vurdert individuelt.

Personar som har grunnstønad til fordyra transport fell berre inn i ordninga i den grad det er dokumentert at stønaden ikkje dekkjer transportutgiftene.

Det blir kravd eigendel ved slik transport, og transporten skal samkjørast.

Søknad om arbeids- eller utdanningstransport skal sendast til samferdselsavdelinga. Samferdselssjefen fattar vedtak i saka, og ordninga gjeld inntil nye retningslinjer ligg føre.

## **11. Eigendel ved arbeidskjøring**

Eigendelen for arbeidstakarar med lønnsinntekt og studentar er lik månadskort på buss på den aktuelle strekninga med tillegg for eventuelt grunnstønad til forhøga transportutgifter. Eigendelen blir justert for tal på arbeidsdagar pr. veke.

For brukarar som arbeider i verna verksemdar er eigendelen for arbeidskjøring tur/retur slik:

- kr. 500,- pr. måned for 5 arbeidsdagar i veka
- kr. 400,- pr. måned for 4 arbeidsdagar i veka
- kr. 300,- pr. måned for 3 arbeidsdagar i veka
- kr. 200,- pr. måned for 2 arbeidsdagar i veka
- kr. 100,- pr. måned for 1 arbeidsdag i veka.

Brukarar i verna verksemdar som berre nyttar arbeidskjøring ein veg betaler halv eigendel.

## **12. Utmelding av transportordninga - flytting m.v.**

TT-kortet er personleg og kan ikkje overdragast. Brukar som ikkje lenger treng transporttenesta - til dømes grunna flytting frå fylket - eller som ikkje lenger oppfyller vilkåra etter reglane under punkt 5, må uoppfordra melde frå til samferdselsavdelinga. Flytting innad i Hordaland må og meldast til samferdselsavdelinga, slik at brukaren kan verte registrert i ny heimkommune.

## **13. Klage**

Ved klage gjeld reglane i forvaltningslova § 28 1. og 2. ledd.

Klagefristen er i følgje forvaltningslova § 29 1. ledd 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Klagen skal sendast til samferdselsavdelinga, og vert vidare vurdert av 3 leger i legenemnda. Dersom klagen ikkje vert teken til følgje kan det klagast vidare til den fylkeskommunale klagenemnda.

## **14. Endringar**

Fylkeskommunen kan til ei kvar tid gjere endringar i retningslinjene for transportordninga, også med verknad for dei som allereie er omfatta av ordninga.



Arkivnr: 2014/560-106  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	73/14	17.09.2014

### Nettverkssamling 2014 - 25.-26. oktober

#### Samandrag

Ungdommens fylkesutval arrangerer nettverkssamling 25.-26. oktober. Alle ungdomsråd i fylket er invitert samt to representantar frå dei kommunane som ikkje har ungdomsråd. Per 09014 har to ungdomsråd meldt seg på.

Arrangementet vert heldt på Grieg Suitell på Kokstad, og medlemene i Ungdommens fylkesutval overnattar frå 24. oktober for å førebu seg til nettverkssamlinga. Eit førebels program er laga (sjå vedlegg), men ikkje vedteke av Ungdommens fylkesutval. Det førebels programmet legg opp til mykje dialog og eit ønskje frå Ungdommens fylkesutval om å få vite meir om kva ungdomsråda er opptekne av og kva ungdomsråda ønskjer av støtte frå Ungdommens fylkesutval. Det er ønskjeleg med ein fasilitator som kan leie desse prosessane og administrasjonen jobbar med å få på plass ein slik.

Fylkesvaraordførar Mona Haugland Hellesnes er spurd om å opne nettverkssamlinga. Ho kjem med tilbakemelding på denne førespurnaden så snart som mogleg.

Utvålsrådet 17. september er det siste møtet før nettverkssamlinga og alle praktiske moment må avklarast på dette møtet. Innspel til administrasjonen på kva ein treng av rekvisita under helga, trykt materiell, osv, må sendast inn snarast.

#### Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek at:

1. Disse medlemene vert det bestilt hotellrom til frå fredag til søndag:
2. Endeleg program for Nettverkssamlinga 2014 vert slik:
3. Dette treng vi til gjennomføringa av Nettverkssamlinga 2014:

Birte Markeseth Aasen  
Leiar

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 09.09.2014**

Her startar saksutgreiinga



# Program nettverkssamling og arbeidsfordeling:

## Laurdag:

10:00 – 11:00	Registrering
11:00 – 11:30 med Ingeborg)	Opning + praktisk info (Opningstale med Agnes, praktisk informasjon)
11:30 – 12:00	Innleiing v/ Mona Hellesnes (Gard gir gåve til Mona etter innleiinga)
12:00 – 12:10	Pause
12:10 – 13:00	"Bli kjend" leik (Thomas og Cecilie)
13:00 – 14:00	Lunsj
14:00 – 14:15	Innsjekking
14:15 – 15:00	Idémyldring: "å væra i eit ungdomsråd" (Agnes gjer informasjon først. Alle UFU medlemmar fordeler seg på grupper og har ansvar for å halde diskusjonen gåande)
15:00 – 15:10	Pause
15:10 – 15:50	Prioritering av saker frå idémyldringa + presentasjon (Ein på kvar gruppe presenterer)
15:50 – 16:00	Pause
16:00 – 17:30	UFU + UR = SANT (Cecilie styrer denne posten. Tema: Korleis ynskjer ungdomsråda att fadderordninga skal være? Korleis kan UFU og UR samarbeide betre?)
17:30 – 18:00	Pause før middag
18:00 – 20:00	Middag
20:00 ⇔	Sosialt! (Pakkeleik med Vegard, stolflytteleik med Lars og Stine, skytsengel med Thomas, «liker du naboen din» med Benedicte og Olve, Gard har ansvar for kortspill)

## Søndag

09:00 – 10:00	Frukost
10:00 – 10:15	Pause
10:15 – 10:30	Praktisk info (Ingeborg)
10:30 – 11:30	Idear til planprogram (Gard og Benedicte har hovudansvar. Alle i UFU fordeler seg på dei ulike gruppene. UFU medlemmane har og ansvar for å skrive ned forslaga)
11:30 – 11:45	Pause og utsjekk
11:45 – 12:20	Idear til planprogram
12:20 – 12:30	Pause
12:30 – 13:15	Diskusjon i grupper angående idear til planprogram
13:15 – 14:15	Lunsj
14:15 – 15:00	Presentasjon (Ein frå kvar gruppe presentere)
15:00 – 15:30	Avslutning (avslutningstale med Agnes og Gard, og praktisk informasjon med Ingeborg)



Arkivnr: 2014/560-90  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	63/14	29.08.2014
Ungdommens fylkesutval	74/14	17.09.2014

## Gjennomgang av vedtektene til Ungdommens fylkesting

### Samandrag

Vedtektene til Ungdommens fylkesting vert vedteken av fylkestinget i Hordaland på bakgrunn av §5 Endring av vedtekter: «*Fylkestinget i Hordaland har mynde til å endre vedtektene for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval Vedtektene kan likevel berre endrast etter framlegg frå Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval kan kome med forslag om vedtektsendringar.*»

På Ungdommens fylkesting i 2014 kom det fram fleire områder som var uklare i dei nåverande vedtektene, samt to endringsforslag som er vidaresendt til fylkestinget i Hordaland, noko som førte til slikt vedtak: «*Ungdommens fylkesting ber om at Ungdommens fylkesutval startar eit arbeid for å revidere det gjeldande reglementet, slik at det i praksis fungerer hensiktsmessig.*»

Nokre av punkta som det vart reagert på er:

- Kva skal ein redaksjonskomite gjere?
- Skal det vere krav in 2/3 fleirtal ved forslag til vedtektsendringar?
- Skal Ungdommens planprogram inn i vedtektene?
- Må ein representant frå ein kommune ha tilknytning til kommunen?
- Er §5 hensiktsmessig slik den står nå?

### Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

### Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 29.08.2014

Det vart diskutert litt rundt namneendring av desisjonskomiteen til kontrollkomité eller kontrollnemnd. Det vart undersøkt litt i korleis andre organisasjonar har vedtektene sine, og me observerte at i dei fleste organisasjonar så har redaksjonskomiteen voteringsorden, og i tillegg at ein må ha 2/3 fleirtal for vedtektsendringar i dei fleste organisasjonar. Det vart og diskutert om måla i Ungdommens planprogram

burde gjelde for eit eller to år, og det var litt ueinigheiter, men fleirtalet var for eit år i staden for to. På saka om ein representant frå ein kommune bør ha tilknytning til kommunen, så var dei einigheit om at det står ganske tydelig i vedtektene frå før at ein representant skal ha det. Ungdommens fylkesutval vart einige om å ikkje gjere noko vedtak i denne saken og utsette denne posten til neste møte. Dette er grunna lite oppmøte på helgemøte og me meiner heile Ungdommens fylkesutval bør få sagt si meining i noko så viktig som vedtektene.

**Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å utsette saka til neste rådsmøte.

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2014/560-108  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	75/14	17.09.2014

## Barne- og ungdomskonferansen 2014 - deltaking

### Samandrag

Barne- og ungdomskonferansen vert heldt kvart år i regi av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet som ønskjer velkomen til barne- og ungdomskonferansen 29. og 30. oktober 2014.

Målet med konferansen er å bidra med kunnskap om gode levekår og god livskvalitet for barn og unge. Gjennom innlegg i plenum og på parallellseminara vert merksemnda retta mot korleis ein kan bidra til å sikre:

- gode og trygge oppvekstvilkår
- moglegheit til sjølvstende og eigenutvikling
- medansvar og innflytelse over eige liv og i samfunnet
- vennskap, ansvar og respekt for andre
- tiltak som motverkar marginalisering og bidrar til utjamning av levekårs-skilnadar blant barn og unge

Staden er Kongsberg kommune som under fjorårets konferanse vart kåra til Årets barne- og ungdomskommune 2014. Målgruppa er kommunepolitikarar, kommunetilsette, ungdom, frivillige organisasjonar, fylkesmenn og fylkeskommunar. Påmeldingsfrist er 28. september 2014

På førre møtet vart det vedteke at Cecilie Fredheim og Benedicte Hellestveit skulle få moglegheit til å delta på Nasjonal oppvekstkonferanse i Tromsø. I etterkant har det vore diskutert om dei i staden skal få moglegheit til å delta på Barne- og ungdomskonferansen da den er meir relevant for Ungdommens fylkesutval.

Det er midlar i budsjettet til å delta på dei vedteke konferansane og på Barne- og ungdomskonferansen.

### Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek at Cecilie Fredheim og Benedicte Hellestveit for tilbod om å delta på Barne- og ungdomskonferansen i Kongsberg, og da ikkje deltek på Nasjonal oppvekstkonferanse i Tromsø.

Birte Markeseth Aasen  
Leiar

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2014/560-102  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	76/14	17.09.2014

### Flytting av møtet 271014

#### Samandrag

Fylkesrådmannen presenterer forslag til budsjett 2015 for Hordaland fylkeskommune til politikarane i oktober. Det kjem opp til politisk handsaming i utvala frå andre veka i november, og vert til slutt vedteke i fylkestinget i desember.

For fyrste gong vil Ungdommens fylkesutval få saka presentert frå administrasjonen som ein del av løpet før den går vidare til utvala. For at denne flyta skal fungere må Ungdommens fylkesutval handsama saken første veka i november.

Administrasjonen foreslår derfor å flytte møtet 27. oktober til ein av dagane første veka i november. Dersom det er ønskjeleg med ein orientering i samband med budsjettet frå økonomiavdelinga, eller ein anna avdeling, bør dette møtet skje på dagtid.

#### Forslag avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek å flytte møtet 27. oktober til slik dato:

Birte Markeseth Aasen  
Leiar

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2014/560-101  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	77/14	17.09.2014

## Budsjett 2015 for Ungdommens fylkesting - ønskjer

### Samandrag

Ungdommens fylkesting har for 2014 fått tildelt 230 000 kr frå Hordaland fylkeskommune. Kva som vert tildelt for 2015 vert lagt fram som eit forslag frå fylkesrådmannen i oktober og vert vedteken av fylkestinget i desember.

Ungdommens fylkesting har moglegheit til å spele inn ønskjer i samband med tildelinga av midlar for 2015 til administrasjonen. I samband med dette må Ungdommens fylkesutval ta stilling til kva aktivitetar som skal skje i 2015. Dersom desse aktivitetane inneber trong for auke i tildelte midlar kan dette formidlas til administrasjonen ved eit brev. Administrasjonen vil så sjå på moglegheiter for eventuell auke. Endeleg avgjerd vert å finne i utkast til budsjett som vert presentert i oktober.

Forslag til førebels budsjett 2015 for Ungdommens fylkesting frå administrasjonen vert utarbeida på bakgrunn av ønskja aktivitetar og forslag til tildeling frå fylkesrådmannen. Saka om førebels budsjett 2015 for Ungdommens fylkesting vert derfor tidlegast fremja til november-møtet.

### Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Birte Markeseth Aasen  
Leiar

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



PS 78/14 Ymse